



Vi på Interkommunalt arkiv i Hordaland ynskjer alle våre samarbeidspartnarar ei gledeleg jul og eit fredfylt nytt år.



Vi avslutta eit hektisk arbeidsår med å hente inn saksarkivet frå Vossestrand kommune, Voss, frå perioden 1868 - 1963. Arkivet var som de ser pakka som julegåver, og to vossingar følgde på lasset.

I år har vi dessutan fått eit tilskot til staben. Kjersti E. Nygaard byrja hos oss i august og skal arbeide med arkivdanning og elektroniske arkiv. Hos står heilt til venstre på biletet. Ved hennar side står Åse Eikemo Strømme, deretter Randi Krüger og heilt til høgre står Jan Tore Helle

Elles har vi gjeve medlemskommunane tilbod om avlevering av papirbasert og elektronisk arkiv i vårt depot i Bergen. Vi har fått god oppslutnad - 13 kommunar vil ha papirdepot og 22 kommunar vil ha elektronisk depot hos oss.

Vi takkar dykk alle for godt samarbeid og ser fram til å vidareføre dette også i 2005

Med helsing frå

*Åse Eikemo Strømme
Kjersti E. Nygaard
Randi Krüger
Jan Tore Helle*

This document was created with Win2PDF available at <http://www.daneprairie.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.